

VARSEL OM UTVIDA PLANGRENSE FOR REGULERINGSPLANARBEID RAN SEGLBÅTHAMN

I medhald av plan og bygningslova (pbl.) § 12-8 vert det med dette varsla om detaljregulering for sjøområde, samt landareal ved RAN seglbåthamn, gnr. 37 bnr.E2, 66 m. fl. - Anglavika, i Øygarden kommune sak 20/2003.

I 2019 varsla vi planoppstart Detaljregulering for RAN seglbåthamn - GBNR 37/8 m.fl. - Anglavika PlanID: 20210007.

I prosessen fram til offentleg ettersyn er det kome krav om å at planforslaget må ta med areal til veg og fortau. Hensikta er å regulere landareal innanfor ny plangrense i samsvar med dagens bruk. Veg og fortau er tatt med for å sikre moglegheit for å tilretteleggje desse i framtida.

Berre direkte rørte partar i tillegg til offentleg mynde vert varsla.

Sjå vedlagt varslingskart som syner kva areal som er nytt areal, og som no er omfatta i samband med utvida plangrense. Areal knytt til utvida varsling er markert med striper i kartet.

Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent:

RAN seilforening er tiltakshavar.

Ard arealplan as er konsulentar for planarbeidet.

Planområdet:

Planområdet ligg i Anglevika, ved enden av Anglevikvegen. I nord og aust grensar området til Austevågen. I vest til naustområdet og landsbruks-, natur- og friluftsområde. Planområdet er i dag bebygd og inneheld i hovudsak sjøareal, vegetasjon, nokre driftsbygg knytt til foreininga, og tilkomstveggar i samsvar med gjeldande plan, RAN seglbåthamn (37) planID 19920003, RAN Småbåthamn (37-8,226) planID 20060050 og mot aust til Detaljreguleringsplan for avløpsreinseanlegg Storanipa, gnr. 38, bnr. 4 m. fl. - Vågo. PlanID 1246 20140010. Mot sør: 274 RP Anglavika (37-7 mfl) planID 124620090001, 97 UP Anglavika(37-2 mfl) planID 124620040016, 345 DP Sveavegen, Anglavika (37-7 mfl) planID 124620110013.

Planområdet er på ca. 56,8 daa og er i kommuneplanen avsett til idrettsanlegg på land og til småbåthamn i sjø.


I gjeldande plan er det nytta omgrep som ikkje høver for den bruken arealet har i dag. Det gjeld mellom anna at RAN-hytta er sett til fritidsbustad, og arealet rundt lagshuset er sett til hytter/ naust. Med godkjent reguleringsplan vil føremålet vere idrettsføremål og arealet rundt RAN-hytta vil vere grøntareal.

Det er også i gjeldandre plan RAN seglbåthamn (37) planID 19920003 regulert inn tunnel. Denne er aldri realisert og takast no ut av planen.

Hensikta med planendringane er at areala skal vere i samsvar med faktisk bruk.

Aust for planområdet går kommunen sin hovudavløpsleidning ut til Hjeltefjorden - noko ein tek omsyn til.

Det er vurdert at planen ikkje fell under vilkåra etter forskrift om konsekvensutgreiing. I samband med reguleringsarbeidet er det utført registreringar under vatn om dei ulike tilhøva i hamnen.



Figur 1: Utsnitt av gjeldande kommuneplan for Øygarden kommune. Planområdet er omtrentleg markert med svart stipla line.

Planen sitt føremål frå start av planarbeidet og fram til godkjent plan vil vere:

1. Sikre hamna til idrettslaget RAN seilforening då erfaring syner at anlegget i dag ikkje toler belastninga ved kraftig vind frå nord, og bylgjer frå skipstrafikken i hovudlei inn til Bergen.
2. Framtidig endring i klima er venta å forsterka effekten i punkt 1.
3. Utvide anlegget for å kunne arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap.
4. Regulere området til idrettsanlegg.
5. Betre tilrettelegging for allmenn bruk med universell utforming ved å ta med vegareal fram til anlegget. Veg og fortau er tatt med etter krav frå kommunen.

Meir informasjon kan du få ved å sjå på nettsida : www.ardarealplan.no eller tlf. 55 31 95 00. Ytterlegare informasjon om tiltaka ligg også på sida til www.ranseil.no.

Merknader til varsel om oppstart:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som gjeld planen sine løysingar eller som gjeld særskilde behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Ard arealplan AS
 c/o Spaces Media City, Lars Hilles gate 30
 5008 Bergen
 E-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Øygarden kommune. Alle mottekne dokument - også dei til varslinga i 2019 følgjer plansaka vidare, og alle merknader og andre innspel vil verte sendt Øygarden kommune saman med planforslaget.

Merknadsfrist

Frist for merknader er sett til 6.05.2022 som er fem veker i samsvar med forvaltningslova. Ei uke ekstra er pga. påskeferie.

Vidare saksgang:

Etter merknadsfristen vil forslag til reguleringsplan verte utarbeidd. Forslaget vert deretter sendt Øygarden kommune for sakshandsaming. Etter fyrste gangs handsaming vert planen lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Det vil då verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Ard arealplan as




Kari Johannesen
Dagleg leiar/planleggar
Ard arealplan as

Tlf.: 55 31 95 00/958 32 614

Vedlegg: varslingskart og varslingsliste

KART OVER PLANOMRÅDET:



VARSLINGSLISTE:

Private:

Tilgrensande naboar til planområdet.

Offentlege:

ØYGARDEN KOMMUNE, PLAN- OG UTBYGGINGSSJEFEN

Stasforvalteren i Vestland

Vestland Fylkeskommune